



## Blomar ved bauta

Gaute Øvereng 7. juni 2018

«Det er noko som manglar her.» På si leiting i dei norske samtidsruinane for om lag ti år sidan, sette festspeldiktar Marit Eikemo ord på ei kjensle fleire av oss kan få frå tid til anna. Biletet er ikkje heilt. Her manglar ein viktig brikke.

Eikemo kom til ein stad som var bygt for å huse kring 600 menneske, og alt var aude og tomt. «Det sku bo folk i husan.» Men for ein forfattar som Eikemo, er det ikkje berre husa som treng folk, men også språket. *Samtidsruinar* opnar med forfattaren si utgreiing om kor insisterande lyst ho har til å skrive, ho ber på sine kne: «La det bli levande setningar! La det vere folk i setningane!»

«Det er noko som manglar her,» tenkte også Ivar Aasen. Folket har eit språk, men dei manglar det i skrift. Skulle det bli levande setningar, måtte det vere på folket sitt eige talemål. Aasen var ikkje åleine om desse tankane. I 1832 skreiv historikaren Peter Andreas Munch artikkelen «Norsk Sprogreformation». Der hevda Munch at talemålet til allmugen var det rette grunnlaget å byggje eit nytt skriftspråk på, for den unge, uavhengige nasjonen.

Då Ivar Aasen gav ut *Det norske Folkesprogs Grammatik* våren 1848, var den same Munch tidleg ute med ei svært rosande bokmelding i Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur.

Dette skrift, som vi her anmelde, er ikke alene en Prydelse for vor Litteratur, men det er et Nationalverk, af hvilket det hele Folk kan være stolt. Thi det lægger mere, end noget Skrift i lignende Retning hidtil har formaaet, det norske Folks egne og ublandede nordiske Nationalitet for Dagen; det viser, at den ældgamle, mere end tusindaarige Norrøna-tunge endnu kraftigen lever og rører sig hos Folket ...

Munch meinte altså at Aasen hadde funne vegen inn til kjernen av den norske identiteten, men framleis hadde ikkje verda sett ein tekst skriven på dette språket som Ivar Aasen hadde funne.

Eit knapt halvår seinare, 5. januar 1849, stod den første nynorske teksten på trykk i Morgenbladet. Den teksten viste fram språket, som seier noko om kven vi nordmenn er, men kan også i dag brukast som eit døme på kva vi trur andre er. Kor lett det er å setje folk i bås, her utifrå ein yrkestittel.

Kvar gong eg har omvising i Aasen-tunet, nemner eg tittelen på denne teksten, «Samtale mellom to bønder», og spør om publikum kan tenkje seg kva undertittelen er. Kva snakkar bønder om? Avling, dyr og subsidiar? Hittil er det ingen som har vore i nærleiken av det rette svaret: «Om Begivenhederne i Udlandet». Overraskinga er forbausande stor kvar gong, og det har blitt ein vekkar for meg – kor lett det er å trekke raske konklusjonar, basert på ein enkel merkelapp på folk. Samtalen Ivar Aasen formidlar, er også urovekkande aktuell:

B. Dæ heve vore snakka mykje aa kiva mykje; men dæ som ær gjort, ær væl inkje stort meir en dæ plar vera.

A. Dæ kann vera sant, so lengje som me bære tenkjer paa oss sjølve; men dæ ær no som du veit mæ vaart Land, at dæ ær bære som ein Fetling paa ei Hud, elder som eit lite Utnes paa ei stor Øy. Difyre heve me den Lukka, at me kann hava Ro, um dæ endaa ær Uro i dei andre Landi; me kann standa utanfyre aa læra te vara oss fyre dei Ting, som vekkjer Ufreden i andre Rikje. Han lever best, som ær minst kjend, segjer dei gamle; – heve han den Skaden, at ingjen bryr seg um han, so heve han ogso den Vinningji, at han fær vera i Fred og skjøyta seg sjølv; heve han lite te segja, so heve han og lite te syta fyre. Men endaa kann ein ikje altid vera like glad kor dæ gjeng i dei andre Landi; dæ eine Rikje heng ihop mæ dæ andre paa mange Maatar; aa naar dæ gjeng ein galen Veg i dei store Landi, so kjennest dæ ogso i dei smaa.

På sett og vis er det også der den nynorske litteraturhistoria byrjar, med eit blikk ut på verda rundt vår eigen vesle husmannsplass, med ein sterk omsut for andre sitt ve og vel, og med tanken om at vår fridom, er avhengig av at andre også har sin fridom.

Eitt anna viktig nullpunkt i historia til den nynorske skriftkulturen, er første utgåva av Dølen frå 1858. Der skriv 200-årsjubilanten Aasmund Olavsson Vinje mellom anna:

For den rette Folkeaand kan ikki koma, før Maalet strøymet ut af Folkets eigi Sjel, og syngja og dikta kan det heller ikki læra før; (...) Fraa det sereigne Maal og den dermed sambundne sereigne Tænkning og Huglynni kjem det Sereigne ved eit Folk, som vi kalla Thjodskap (Nationalitet), (...) Vi maa derfor faa vort Maal atter. I 1814 sette Folket liksom den eine Foten fram til Fart; den andre maa koma etter.

Mange føter har kome fram etter det. Og mange hender, hovud og hjarte. Som Nelson Mandela ein gong sa: «Snakkar du til ein mann på eit språk han forstår, når det fram til hovudet. Snakkar du til han på hans eige språk, går det til hjartet.»

Ivar Aasen gjorde det mogleg å fylle dei levande setningane med ord som går rett til hjartet.

#### **Kjelder:**

Kjell Venås: *Då tida var fullkommen*, 1996

Kjell Venås: «P. A. Munch om språket» i *Språknytt* 1/2008